



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Kommunefysioterapeut - 100% vikariat

### Stillingsinformasjon

Det er ledig 100% vikariat som kommunefysioterapeut i perioden 20.06.2019 - 01.05.2020.

Inntil 80% av stillinga er knytt til klinisk arbeid ved Meland sjukeheim og Meland heimeteneste. Om lag 20% er knytt til systemfagleg arbeid og koordineringsoppgåver innan fysio- /ergoterapitenesta. Det må påreknast noko deltaking i prosjektarbeid knytt til kommunesamanslåing.

Stillinga er lokalisert i kontorfellesskap med Frekhaug fysioterapisenter.

### Kvalifikasjonskrav

Det er krav om norsk autorisasjon som fysioterapeut. Det er ønskeleg med klinisk erfaring innan rehabilitering både i heim og institusjon, erfaring frå førebyggjande arbeid og formidling av hjelpemiddel. Det vert krevd fullgode norskkunnskapar både munnleg og skriftleg. Arbeidet krev sjølvstende og evne til å kunne organisere eigen kvardag. Personlege eigenskapar, og evne til samarbeid med fleire faggrupper, vert tillagt avgjerande vekt.

### Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 07.04.2019

Utløst dato 20.03.2019

Vårref

142/19

### Kontaktperson

Siri Bye, Kommunefysioterapeut, tlf: 56171456, mobil: 95703537, siri.bye@meland.kommune.no

Tord Moltumyr, Helsesjef, tlf: 56171120, tord.moltumyr@meland.kommune.no